

---

Saksnr: 2020/59884-22  
Saksbehandlar: Eivind Yttri

---

**Saksgang**

Utval	Utv. saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		17. februar 2021

Invitasjon til å søkje om tilskot til generelt vedlikehald på fylkesveggar

Forslag til vedtak:

1. Auka tilskot til vedlikehald av fylkesveggar vert fordelt slik:

Type tiltak	Alt. 1	Alt. 2	Alt. 3
Rekkverk	15,050	21,500	35,050
Fjellsikring og stabilisering	6,400	12,400	19,900
EL-vedlikehald	2,300	2,800	4,300
Dekke	40,900	49,000	65,400
Diverse	11,450	14,450	16,400
<b>Sum</b>	<b>76,100</b>	<b>100,150</b>	<b>141,050</b>

2. Det vert høve til å gjere mindre justeringar i fordelinga av midlane basert på endeleg tildeling.

Dina Johanne Lefdal  
fylkesdirektør

Eivind Yttri  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Invitasjon til å søke om tilskudd - generelt vedlikehold - fylkesveg (post 65)
- 2 KS - Styrket-vedlikehold-av-fylkesveier-med-oversikt-09072020(1979120).PDF

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vi har motteke brev frå Statens vegvesen datert 21.12.2020 der vi vert invitert til å søkje om tilskot til generelt vedlikehald på fylkesvegar. Brevet ligg vedlagt saka.

Det er her vist til at Stortinget har auka løyvinga på kap. 1320, post 65 Tilskudd til fylkesveger med 400 mill.kr i 2020. Desse midlane skal handsamast særskilt og det er gjeve slike føringar for tilleggsløyvinga:

- Tilskotet skal rettast mot generelt vedlikehald av fylkesvegar
- Det vert ikkje stilt krav om delfinansiering frå fylkeskommunane
- Ordninga er *ikkje* avgrensa til tiltak som er særskilt viktige for eksport av næringsgruppene fisk og akvakultur

Ordninga vert forvalta av Statens vegvesen, og det er teke atterhald om at midlane vert overført til 2021. Fylkeskommunane skal legge følgjande føresetnader til grunn:

- Det vert ikkje stilt krav til fylkeskommunal eigendel
- Tilskotet skal dekke kostnader til vedlikehalds- og mindre utbetringstiltak ekskl. mva.
- Tiltaka/prosjekta skal kome i tillegg til allereie planlagde prosjekt/tiltak for 2021
- Tiltaka skal gjennomførast/rekneskapsførast i løpet av 2021
- Kostnadene skal rekneskapsførast i fylkeskommunen sine budsjett under drift og vedlikehald
- Fylkeskommunen skal via fylkesrevisor stadfeste at midlane er disponert i løpet av 2021
- Dersom fylkeskommunen ikkje kan dokumentere at midlane er nytta i samsvar med kriteria og føremål, skal midlane tilbakebetalast til staten

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsel og mobilitet har løyve til å gjere vedtak i denne saka, jf. [Reglement for folkevalde organ og delegering](#), pkt. 3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde. I 2. kulepunkt står det som følgjer: «fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.»

### Vurderingar og verknader

I brev frå KS datert 30.6.2020, som ligg ved brevet frå Statens vegvesen, og vedlagt saka, er det lagt til grunn ei fordeling mellom fylka dersom ramma til vedlikehald av fylkesvegar vert styrka med 500 mill.kr i 2021. Her er det lagt til grunn at Vestland fylkeskommune får 94,8 mill.kr.

I brevet frå Statens vegvesen er det lagt til grunn same fordelingsnøkkel mellom fylka som i KS sitt brev. Då ramma er redusert til 400 mill.kr er det lagt til grunn ei løyving til Vestland fylkeskommune på ca. 76 mill.kr. I brevet frå Statens vegvesen står det i 2. avsnitt side 3 som følgjer:

«Det er et stort etterslep på vedlikehold av fylkesveg. Gitt dette, antar vi at fylkeskommunen vil kunne søke om relativt store beløp.»

I vår søknad om midlar til Statens vegvesen har vi difor lagt til grunn tre alternative rammer. I alternativ 1 har vi lagt til grunn 76 mill.kr, alternativ 2 ca. 100 mill.kr og alternativ 3 ca. 140 mill.kr.

Våre prioriteringar av bruk av midlane er gjort med utgangspunkt i det vi spelte inn våren 2020 som går fram av brevet frå KS. Vi har teke ut tiltak som er gjennomførde og lagt til nye behov. Det er føresett at tiltaka skal kunne gjennomførast og rekneskapsførast i løpet av 2021.

Statens vegvesen har sett søknadsfristen til 15. februar 2021, og bedt oss fylle ut tiltaka etter ein detaljert mal fordelt på strekningar. Detaljert tiltaksliste er lagt ved saka.

Type tiltak er summert opp slik:

Type tiltak	Alt. 1	Alt. 2	Alt. 3
Rekkverk	15,050	21,500	35,050
Fjellsikring og stabilisering	6,400	12,400	19,900
EL-vedlikehold	2,300	2,800	4,300
Dekke	40,900	49,000	65,400
Diverse	11,450	14,450	16,400
<b>Sum</b>	<b>76,100</b>	<b>100,150</b>	<b>141,050</b>

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren gjer merksam på at søknaden om ekstra midlar til vedlikehald allereie er sendt til Statens vegvesen når saka kjem til handsaming i hovudutvalet. Dette for å halde oss innanfor søknadsfristen. Søknaden er sendt med forbehold om politisk godkjenning.

Vi ber om at det vert gjort vedtak om at midlane kan fordelast i samsvar med tiltaka slik det går fram av tabellen. Fylkesdirektøren ber og om mynde til å gjere mindre justeringar i høve endeleg tildelt beløp.